

Kva(r) er Sentral-Europa?

Elisabeth Bakke
Institutt for statsvitskap, UiO
Boks 1097 Blindern
0317 Oslo

Trykt i Harald Baldersheim & Knut Heidar (red.):
Statsvitenskapelige utsyn. Kristiansand S: Høyskoleforlaget, 2001.

Takk til Peter Bugge, Kristian Gerner, Miroslav Hroch, Pål Kolstø og Iver B. Neumann for gode tips og kommentarar

Kva(r) er Sentral-Europa?

Elisabeth Bakke postdoc, Institutt for statsvitenskap, Universitetet i Oslo

Under den kalde krigen var Europa delt i to av fysiske og mentale murar. I tida som har gått etter rivinga av Berlinmuren har "Sentral-Europa" glidd inn i språkbruken som eit tredje Europaomgrep ved sidan av Vest-Europa og Aust-Europa, både i media og Akademia. Omgrepet har røter tilbake til 1800-talet, med mellomkrigstida som eit (førebels) høgdepunkt. Det er vanleg å skilje mellom to tradisjonar i bruken av omgrepet. Den tyskorienterte tradisjonen er assosiert med *Mittleuropa*, og legg vekt på den rolla det tyske har spelt og spelar i Sentral-Europa. Her ligg hovudvekta på den alternative tradisjonen, som ekskluderer Tyskland frå Sentral-Europa, og gjerne fokuserer på Donaurommet eller Habsburgtradisjonen.¹ Eg vil konsentrere meg om idéinnhaldet i Sentral-Europaomgrepet, slik det blir framstilt i debattar i samtida, men også drøfte kven dei viktige andre er og kvar grensene for Sentral-Europa går.

Det var Milan Kundera som for alvor sette Sentral-Europa på kartet igjen gjennom *The tragedy of Central Europe*, som stod på trykk i *The New York Review of Books* 26. april 1984. I ein kjensleladd appell til det "eigentlege" Europa utfordra Kundera det gjeldande inndelinga, og starta samstundes ein debatt om kva Sentral-Europa er: "After having been torn away from Europe in 1945, does Central Europe still exist? Yes, its creativity and its revolts suggest that it has 'not yet perished.' But if to live means to exist in the eyes of those we love, then Central Europe no longer exists. More precisely: In the eyes of its beloved Europe, Central Europe is just a part of the Soviet empire and nothing more, nothing more" (Kundera 1984).

Etter 1989 har Sentral-Europaomgrepet fått ein renessanse på kostnad av "Aust-Europa", både i "Sentral-Europa" sjølv, og blant vestlege forskarar og politikarar.² Ordet signaliserer stadig motstand mot den skarpe todelinga av Europa, men bruken har endra seg. Før 1989 var "Sentral-Europa" ein reiskap dissidentar brukte til å trekke i tvil legitimiteten til dei kommunistiske regima; etter 1989 har omgrepet vorte ein del av eit offisielt utanrikspolitisk arsenal, der formålet er medlemskap i NATO eller EU (Neumann 1999: 144; 2000: 209–10). Men når polakkar og tsjekkarar er raske til å presisere at dei bur i Sentral-Europa, handlar dette også om identitet,³ og ikkje minst om retten til sjølv å bestemme kvar ein høyrer heime.

Europa, Sentral-Europa, Mittleuropa?

Europa har eksistert som geografisk nemning sidan før Herodots tid (400 f.kr.), men fekk ikkje eit klart definert idéinnhald før på slutten av 1700-talet. Under persarkrigane vart Europa identifisert med *fridom*. På 1400-talet vart Europa for alvor identifisert med *kristendommen*, og først på den tida vart omgrepet særleg vanleg i bruk. Det kristne Europa definerte seg i motsetnad til dei muslimske tyrkarane. I løpet av opplysningstida vart Europa assosiert med *sivilisasjon* (den Boer 1995: 13-14, 28, 38, 78). Parallelt med dette oppstod også forestillinga om Aust-Europa som ein mindre sivilisert motsats til Vest-Europa (Wolff 1994). I nyare tid er Europa assosiert med *rettsstat*, *demokrati* og *marknadsøkonomi* (Gerner 1999).

Ideen om Europa har historisk sett vore kopla til *Oksidenten* eller Vesten, med *Oriente* som den tradisjonelt viktige andre (Delanty 1995: 14). Dette er også noko av bakgrunnen for at Vest-Europa (i alle fall i eigne augo) har hatt ein sjølvstøtt plass i Europa, medan Aust-Europa fekk ein uklar posisjon mellom det barbariske Asia og det siviliserte Vest-Europa. Men aust-vestskiljet har ikkje alltid vore det dominerande. I romersk tid og renessansen gjekk det fundamentale skiljet i Europa mellom eit barbarisk nord og eit kulturelt overlegent sør. Både Skandinavia, dei britiske øyer og den iberiske halvøya har tidvis vore utelate frå Europa (Wolff 1994: 4–9; Delanty 1995: 20). Richard Coudenhove-Kalergi (1993) ønskte å ekskludere Storbritannia frå sitt politiske Pan-Europaprojekt så seint som i 1923!

Russlands stilling i Europa er diskutabel. Det eine er at russarane sjølve ikkje har vore overtydde om at dei høyrer til i Europa (jamfør debatten mellom slavofile og vestleg-orienterte), og det andre er at det har herska ulike oppfatningar om det i Vest-Europa. Hovudposisjonane i Vest er at Russland er europeisk, at det er asiatiske, og det er ei blanding og at det er noko heilt for seg sjølv (Krag 1990; Delanty 1995: 11; Bugge 1995: 137).

Førestillinga om Sentral-Europa kviler på aust-vestskiljet, men står samstundes i motsetnad til det. Midten eller sentrum gir assosiasjonar til "verdas navle", den gylne middelveg og møtestad for vestlege og austlege impulsar. Sentral-Europaomgrepet har vorte definert vekselvis i forhold til Vest-Europa, Aust-Europa eller begge, men opphavleg var det eit forsvar vis-à-vis Vestens negative syn på Aust-Europa og eit forsøk på å unngå periferistatus. I samband med Napoleonskrigane representerte Sentral-Europa eit alternativt Europa til det franske, medan Kunderas Sentral-Europa først og fremst har brodd mot Russland og det Aust-Europa han ikkje vil tilhøyre (Delanty 1995: 102; Le Rider 1998:10-11; Bugge 1999: 18; Kundera 1984).

I diplomatisk språkbruk vart *l'Europe intermédiaire* brukt for første gong i samband med Wienerkongressen i 1815, men da i tydinga "mellom nord og sør". Dette Sentral-Europa omfatta dei tyske statane og Nederland. Hos Metternich omfatta Sentral-Europa derimot Nord-Italia, dei historiske Habsburglanda og det tyske forbundet, og var assosiert med rolla som garantist for den politiske maktbalansen. Andre visjonar av Sentral-Europa strekte seg heilt til Svartehavet (Lemberg 1998: 14–15; Le Rider 1994:7–9; Delanty 1995: 103; Hroch 2000: 23).

Grovt sett kan vi skilje mellom to tradisjonar i bruken av Sentral-Europaomgrepet. Eit sentralt verk i den tyske tradisjonen er Friedrich Naumanns *Mittleuropa* (1915). Naumann gjekk inn for ein laus konføderasjon under naturleg tysk overherredømme, med Tyskland og Austerrike-Ungarn som geografisk fokus, der "overstaten" skulle ha ansvar for økonomi og forsvar. For å legitimere dette prosjektet historisk gjekk han attende til Det heilage romerske riket (av den tyske nasjon). Naumann var sjølv for toleranse overfor dei mindre nasjonane, men Mittleuropaprojektet hans vart alt under 1. verdskrig oppfatta som eit uttrykk for tysk *Drang nach Osten*, og vart seinare knytt til *Anschluss*. På grunn av denne koplinga har *Mittleuropa* fått ein heller odiøs klang (Bugge 1995: 90; Le Rider 1994:7–9). Det som sameinar dei tyske perspektiva på Mittleuropa er ei overtydning om at tyskarar og austerrikarar har ei spesiell rolle å spela i Sentral-Europa, kulturelt og elles⁴ (Le Rider 1994: 12–13; Schwarz 1989: 145).

I den *alternative* tradisjonen er Sentral-Europa "ei usikker sone av små nasjonar mellom Russland og Tyskland" (Kundera 1984). Denne tradisjonen er mindre tyskorientert, og er gjerne fokusert på Donau-rommet eller det gamle Habsburgmonarkiet, dvs. at det gjerne inkluderer Wien/Austerrike. Jacques Le Rider meiner det er vanskeleg å finne eit positivt innhald i Sentral-Europaomgrepet utanfor tysk idehistorie; det er difor nærliggjande å søkje tilflukt i ein negativ definisjon av Sentral-Europa som *lagnadsfelleskap* i krisetider (Le Rider 1994: 16).

Dette skiljet mellom Mitteleuropa og Sentral-Europa er også reflektert i samtidas debatt.⁵ Den tyske Mitteleuropadebatten, bl.a. i samband med "historikarstriden" på 1980-talet, handla mest om det tyske spørsmål, men var også knytt til *détente*, og ideen om ei nøytral, demilitarisert, atomvåpenfri sone mellom aust og vest (Ash 1990; Rupnik 1990; Johnson 1996: 8). Eg skal la *Mitteleuropa* liggje og konsentrere meg om Sentral-Europadebatten. Denne debatten handlar om kva eit Sentral-Europa av småstatar har felles som skil dei frå Sovjetunionen/Russland, og er dermed også delvis ein debatt om kor europeisk *Russland* er.

Kva blir Sentral-Europa hevda å ha felles?

Eg skal ikkje ta stilling til kva som *eigentleg* sameinar Sentral-Europa. Svaret på det vil variere med kva for geografiske område og historiske periodar ein inkluderer. I staden vil eg fokusere på dei ulike *oppfatningane* om kva Sentral-Europa deler, slik dei kjem fram i den diskusjonen som følgde i kjølvatnet av Kunderas artikkel, og sjå om det kan trekkjast ut nokre felles idear om kva Sentral-Europa er, utover Le Riders lagnadsfellesskap i krisetider.⁶

Sentral-Europa kan ikkje definerast med utgangspunkt i felles språk eller folkekultur, like lite som Europa kan det, og er heller ikkje særleg betre stilt enn Europa som heilskap når det gjeld andre element som har verka samanbindande på nasjonar. Romersk-katolsk kristendom blir rett nok ofte brukt til å avgrense Sentral-Europa austover, men i realiteten har området vore religiøst splitta etter Reformasjonen. Det finst ingen heilt felles statstradisjonar med tilhøyrande felles historie. Dermed står ein att med det same som identitetsbyggjarane på europeisk nivå har å hjelpe seg med: verdifellesskap og elitekultur (Bakke 1995: 475-78).

Oppfatningane av kva Sentral-Europa har felles kan, med utgangspunkt i debatten på 1980-talet, delast i fire grupper: 1) Ideen om Sentral-Europa er knytt til "finkultur". 2) Det som kjenneteiknar Sentral-Europa er det store mangfaldet og den gjensidige kulturpåverknaden. 3) Sentral-Europa er eit tenkjasett, eit verdifellesskap. 4) Det sentraleuropeiske fellesskapet er knytt til ein felles lagnad som undertrykt og offer i historia. Etter 1989 har det kome inn eit nytt element: 5) Sentral-Europa som økonomisk meir utvikla og demokratisk meir stabilt (og dermed meir "vestleg") enn dei andre landa i den tidlegare Austblokka.

Dei tre første av desse har klare parallellar i den meir generelle Europa-debatten. Den fjerde kategorien er derimot særeigen for Sentral-Europa, og dette heng nok saman med at dei aktuelle nasjonane er "små" nasjonar som har vore under framandt herredømme og som vart forma i opposisjon til den styrande eliten. Kunderas definisjon på ein liten nasjon er ein nasjon som kan få "eksistensen sin trekt i tvil når som helst; ein liten nasjon kan forsvinne, og den veit det" (Kundera 1984). Denne oppfatninga av fare eller trugsmål mot den vesle nasjonen går att (Milosz 1989: 117; Kiss 1989: 133; Havel 1994: 93–97; Konrád 1991: 67; jfr. Davies 1986).

Sentral-Europa som eit *fellesskap av tenkjarar og diktarar* er svært tydeleg i Kunderas artikkel. Han er for det første oppteken av den rolla dei intellektuelle spelte (gjennom film, teater, filosofi og litteratur) i samband med oppstanden i Ungarn i 1956, Prahavåren i 1968 og hendingane i Polen i 1970 og tidleg på 1980-talet. For det andre hevdar han at Sentral-Europa var kanskje det viktigaste kulturelle senteret ved hundreårsskiftet, med eit blomstrande musikkliv, stor litteratur etc. Dette meiner han ikkje var tilfeldig, og trekkjer linene attende i historia. Konrád og andre deler nostalgien knytt til *fin-de-siècle* Wien, det fleirkulturelle intellektuelle miljøet, forfatarane, filosofane, målarane, komponistane. Det er snakk om ein felles stil og tone i arkitektur, musikk, måling og litteratur – ein patos og ein ironi, ein hang til det tragiske, eit kynisk syn på verda, ein svartsyn og ein nostalgi, men også utopisme og håp (Konrád 1991: 37, 45, 58; Milosz 1989: 118, 121–22; Kiss 1989: 127; Matvejevic 1989:189).

Nært knytt til dette er Sentral-Europa som *kulturelt og språkleg mangfald*, med vekt på kultur-møte, urbanitet og ein kosmopolitisk intelligentsia. Her blir linene trekt attende til Habsburg-tida. Kundera (1984) ser Sentral-Europa som ein komprimert versjon av Europa i all sin kulturelle variasjon – "eit lite erke-europeisk Europa". Han gir jødane ei spesielt viktig rolle som kosmopolitisk, integrerande element. Konrád er den som sterkest framhevar *byen* som berar av det sentraleuropeiske: "Det mellemeuropeiske fellesskapet er ikke så meget nasjonenes som byenes fellesskap, nærmere bestemt de flersproglige, urbane intellektuelles fellesskap" (Konrád 1991:31). Det er særleg Wien og Budapest som blir framstilt som åstad for det sentraleuropeiske kulturmøtet, men også Praha, Vilnius og Bratislava (Kiss 1989: 134; Kundera 1984). Denne Habsburgnorgien ville sjølvsagt vore heilt utenkjeleg i mellomkrigs-tida, og mykje av det som blir framheva som sentraleuropeisk, eksisterer ikkje lenger.

Sentral-Europa som elitekultur blir vidareført i bidraga til Eliška Fučíková og Ewald Osers i eit nyleg utkome verk om Sentral-Europa (Lord 2000), der dei tar for seg Sentral-Europa i kunst-historia og litteraturhistoria. I same verk spør Miroslav Hroch om det gir meining å operere med Sentral-Europa som historisk makroregion, og han svarer sjølv eit betinga ja. Det Sentral-Europa etter hans meining har felles i moderne tid, er religiøs sameksistens etter Reforma-sjonen, den historisk viktige plassen trettiårskrigen har i nasjonal historie, den felles erfaringa med "den tyrkiske fare", manglande kontinuitet i statstradisjonar, det sterke jødiske innslaget i det intellektuelle liv, og etnisk variasjon, med ei dominerande gruppe (tyskarane) som har fungert som den viktige andre for dei mindre nasjonane. Hroch konkluderer med at etter at jernteppet delte Europa i to, er Sentral-Europa berre eit *minne* (Hroch 2000: 24–28, 33).

Sentral-Europa som *verdifellesskap* er kanskje den tolkinga akademiske observatørar har lagt størst vekt på. Hos Kundera (1984) er Sentral-Europa som *verdifellesskap* knytt til Europa som ein åndeleg idé synonymt med *Vesten*. Den sovjetiske dominansen etter 1945 var ikkje berre ein politisk katastrofe, men eit åtak på heile den sentraleuropeiske sivilisasjonen, og oppstandane var å forstå ikkje som eit austblokkdrama, men som eit drama om eit "kidnappa, feilplassert og hjernevaska" Vesten som kjempa for å bevare identiteten sin, forbli vestleg. Dette kan lesast som ein protest mot å bli rekna som ein del av det barbariske aust.

Etter 1989 har denne argumentasjonen ein parallell i slagordet om å "vende tilbake til Europa" i tydinga *Vesten*, symbolisert ved medlemskap i NATO og EU. Havel framstiller heilt klart Sentral-Europa som ein del av det "klassiske europeiske Vesten" i kraft av historia, dei åndelege og intellektuelle tradisjonane, kulturen, atmosfæren og den geopolitiske posisjonen. Som tradisjonelle verdier i den vestlege sivilisasjon nemner han demokrati, respekt for menneskerettar, individuell fridom og privat eigedomsrett (Havel 1994: 249, 255). Her blir vestgrensa til Sentral-Europa uklar gjennom vektlegging av det som er felles med Vesten.

Hos Konrád framstår forståing, toleranse, respekt og interesse for kvarandre som ein særleg sentraleuropeisk verdi: det sentraleuropeiske idealet inneber at kvar einskild del "får blomstre i sin egen selvforståelse". Han legg også vekt på fredeleg sameksistens og jambyrdige rela-sjonar mellom folkeslaga, og slår dessutan eit slag for ein intellektuell sentraleuropeisk repu-blikk "hvor jeg er fri", der alle som deler desse verdiane kan vera med (Konrád 1991: 20–26).

Bortsett frå ungarskfødde George Schöpflin (1989: 17), som ser Sentral-Europaprosjektet som ein måte å reuropeisere området, ta tilbake nokre av dei verdiane som Sovjetsystemet fjerna, er akademiske observatørar skeptiske til Sentral-Europa som (historisk) verdifellesskap. Timothy Garton Ash (1989: 197–201) finn rett nok visse felles haldningar, idear og verdier i skriftene til Václav Havel, György Konrád og Adam Michnik, men avviser at Sentral-Europa er spesielt vestleg, rasjonelt, humanistisk, demokratisk, skeptisk og tolerant. Egon Schwarz

kritiserer Kundera for å utelate dei ubehagelege sidene ved Sentral-Europas tradisjonar, som antisemittismen og nazismen, men slår samstundes fast at Sentral-Europa ikkje finst; dermed kan ein postulere eit utopisk Sentral-Europa fullt av gode verdiar (Schwarz 1989:153–54).

Den femte oppfatninga av Sentral-Europa som *økonomisk meir utvikla og demokratisk meir stabilt* (og dermed meir "vestleg") enn dei andre landa i den tidlegare Austblokka, har vorte brukt som argument for at Sentral-Europa fortener å få bli medlem av EU eller NATO før dei andre (Neumann 2000: 210). I tillegg til Visegrådlanda inngår også Slovenia i definisjonen av Sentral-Europa som økonomisk meir utvikla (Lavigne 2000: 90). Denne oppfatninga av kva Sentral-Europa deler, trekkjer også delvis på historia, både økonomisk og politisk. I realiteten er sjølv sagt Sentral-Europa økonomisk sett meir ein periferi enn sentrum i Europa.

Det er ein interessant kontrast mellom 80-talsdefinisjonen av Sentral-Europa som kulturelt i vest, politisk i aust (Kundera 1984) og 90-talsdefinisjonen av Sentral-Europa som økonomisk og politisk meir vestleg enn andre tidlegare Austblokkland. I begge tilfelle er noko av poenget å distansere seg frå eit Aust-Europa ein ikkje vil bli rekna med i, men det postulererte fellesskapet med Vesten er basert på kultur i det første tilfellet og politikk/økonomi i det siste.

Kven er dei viktige andre?

Eg har til nå prøvd å fokusere på kva Sentral-Europa blir hevda å ha felles. Men ein annan viktig del av identitetskonstruksjon/danning er førestellingar kva som skil oss frå dei andre. Indirekte har eg allereie vore inne på kven dei viktige andre er i Sentral-Europas tilfelle. I Kunderas bilde er det sjølv sagt først og fremst Russland, men også indirekte Vesten.

Sentral-Europas doble tragedie låg nemleg både i det å vera eit "kidnappa Vest", underlagt ein framand sivilisasjon (Russland), og i det at Vesten ikkje brydde seg. Grunnen til dette var i Kunderas augo at Europa var i ferd med å tape sin eigen kulturelle identitet. Dermed framstår Sentral-Europa som enda meir europeisk enn Vest-Europa sjølv. Fråværet av kultur og mangelen på poesi og ein åndeleg, moralsk, kjenslemessig dimensjon er ei viktig innvending mot Vesten, i den grad Vest-Europa/EU framstår som "den andre". Vest-Europa blir også skulda for materialisme og forbrukarmentalitet, på kostnad av det åndelege (Kundera 1984; Konrád 1991: 26; Havel 1994: 249–50, 296, 301; Zarycki 1997: 101). Det ironiske er at etter 1989 er forbrukarmentaliteten på full veg inn også i "Sentral-Europa".

Forholdet til Vest-Europa er dermed tvitydig. På den eine sida blir Sentral-Europa hevda å vera ein utvilsam del av Vest-Europa, som har vorte framandgjort for sine egne tradisjonar og åtskild med tvang, men som ønskjer å vera ein del av Europa og nå (etter 1989) vender tilbake til Europa (Kundera 1984; Milosz 1989: 123; Havel 1994: 84, 255; Konrád 1991: 52).

På den andre sida blir Sentral-Europa framstilt som eit grenseland mellom aust og vest, som gjer at det likevel er noko for seg sjølv. Framande idear trengde gjennom seinare, i utvatna og endra form som gjorde at dei fekk ein særleg sentraleuropeisk karakter. Her møttest austleg og vestleg kristendom; her gjekk yttergrensa for vestleg sivilisasjon mot tyrkarane. Sentral-Europa er eit vegkryss der ulike åndelege og kulturelle straumar og folkeslag har kollidert og inspirert kvarandre. Økonomisk og politisk er området ei overgangssone mellom aust og vest (Milosz 1989: 123; Havel 1994: 18, 89, 290, 293; Kiss 1989: 128–29; Schöpflin 1989: 19–20).

Ein variant av dette er Konráds vekt på Sentral-Europa som bru mellom aust og vest under den kalde krigen: Ein sentraleuropear er ein som er "forurettet, bekymret og pinlig berørt" over at kontinentet er delt i to, og som ser på delinga som kunstig og påtvinga. Sentral-Europa er blokkoverskridande, og føreset at jernteppet forsvinn (Konrád 1991: 23, 25, 46, 53).

Europas viktige andre er tradisjonelt Orienten. Hos Konrád (1991: 27) inngår både tyrkarane og russarane som dei "usiviliserte" andre som Habsburgmonarkiet måtte stoppe på vegne av Sentral-Europa. Hos Kundera (1984) ligg hovudvekta på Russland, og påstanden er at Russland er ein *annan* sivilisasjon – ikkje nødvendigvis verre, men klart annleis enn Sentral-Europa.⁷ Han avviser det slaviske fellesskapet i same slengen; tsjekkarar og russarar har korkje felles historie eller felles kultur, og russarar og polakkar har kjempa ein kamp om liv og død.

Ved å framstille Russland som ein annan sivilisasjon hevda Kundera indirekte at Russland ikkje høyrde heime i Europa, eller slik vart han i alle fall tolka. Dette førte til ein debatt om kor europeisk Russland eigentleg er, som det ikkje er plass til å gå nærmare inn på her (sjå Schöpflin & Wood 1989; Neumann 1999).

Etter 1989 kjem "Aust-Europa" inn som ein ny viktig annan for Sentral-Europa (Neumann 2000: 211). Nå er ikkje prosjektet berre å distansere seg frå Russland, men også frå tidlegare Austblokkland som ikkje har kome så langt i utviklinga av demokrati og marknadsøkonomi. Dette inneber samstundes ei geografisk innsnevring av Sentral-Europa, særleg mot Balkan. Skiljet er også reflektert i den akademiske litteraturen om "Sentral- og Aust-Europa".

Kvar er Sentral-Europa?

Kvar Sentral-Europa er, kjem an på om ein legg Sentral-Europa- eller Mitteleuropatradisjonen til grunn, og kva for historisk periode ein snakkar om. Her er det viktig å vera klar over forskjellen i språkbruk. I den tyske (og dels den engelskspråklege) tradisjonen blir ikkje-tyske og ikkje-ortodokse delar av Sentral-Europa kalla *Ostmittleuropa* eller *East Central Europe* (sjå f.eks. Hadler 1998: 7; Hroch 2000: 31). Før 1989 utgjorde jernteppet vestgrensa for Aust-Sentral-Europa; etter den tyske gjenforeininga er Aust-Tyskland ikkje lenger rekna med. Den alternative tradisjonen brukar som oftast *Sentral-Europa* om det same området.⁸ Men også innanfor kvar tradisjon kan det vera vanskeleg å trekkje konkrete geografiske grenser, sjølv om vestgrensa nok er klarare enn austgrensa (Bugge 1999).

Noko av grunnen til at grensene er uklare, er at Sentral-Europa ikkje er eit politisk prosjekt og at det manglar eit institusjonelt feste. På 1980-talet mangla det heilt, men heller ikkje i dag har Sentral-Europa nokon politisk overbygning å snakke om: Visegrádsamarbeidet mellom Tsjekkia, Slovakia, Polen og Ungarn har vorte oppfatta mest som ein reiskap for EU- og NATO-medlemskap, og dei initiativa som har vorte sett i gang etter jernteppets fall (CEI, CEFTA), er økonomiske i karakter og går utover Sentral-Europa.⁹

Sentral-Europadebatten på 1980-talet var knapt nok eit forsøk på regionbygging, sjølv om det har vorte framstilt slik (Neumann 1999). Som Maria Todorova påpeikar, inneheldt Sentral-Europadebatten ingen planar for Sentral-Europa som region, utover ønsket om politisk frigjerung frå Sovjetunionen. "Sentral-Europa" refererte til eit knippe idear/verdiar, og kan lesast som eit forsøk på å ta tilbake retten til å definere kvar ein høyrde heime. Slik sett fungerte Sentral-Europaideen frigjerande i forhold til stempinga av området (både i aust og vest) som naturleg tilhøyrande Aust-Europa (Johnson 1996: 9; Todorova 2000: 220; Wolff 1994: 15).

Det som kanskje aller mest kjenneteikna debatten på 1980-talet, er mangelen på klare grenser. Dette vart understreka gjennom framstillinga av Sentral-Europa som ein kultur eller lagnad med innbilte grenser (Kundera 1984); ein trassig draum, ein illusjon, eit litterært verk, eit avantgardistisk engasjement (Konrád 1991: 22–26, 53); ei trushandling, eit prosjekt, ein utopi (Milosz 1989: 122); eit åndeleg kongedømme (Ash 1989: 198, 212); ein draum om eit Europa utan piggråd og murar (Havel 1994: 75). Og draumar har sjølv sagt ikkje grenser.

Dei tidlegare skisserte oppfatningane av Sentral-Europa gir likevel ein peikepinn på kvar grensene går. Sentral-Europa som eit *lagnadsfellesskap* av dei små og undertrykte omfattar heile beltet av små land mellom Russland, Tyskland og Tyrkia. Sentral-Europa som *kulturelt og språkleg mangfald* er assosiert med nedslagsfeltet for Habsburgmonarkiet, Polen-Litauen og fleirkulturelle byar meir allment. Ei vanleg demarkasjonsline for Sentral-Europa (og Vesten) er skiljet mellom katolsk og ortodoks kristendom, som også blir brukt som skilje mellom ein "vestleg" og ein "ortodoks" sivilisasjon hos Huntington (Kundera 1984; Johnson 1996: 4; Huntington 1998: 26-27). Dette kriteriet ekskluderer store delar av Balkan, men ikkje Baltikum. Til gjengjeld er Baltikum ekskludert utifrå økonomiske kriterium etter 1989.

Det nærmaste ein kjem eit sentraleuropeisk kjerneområde i dag er Visegrádlanda Polen, Tsjekkia, Slovakia og Ungarn. Det er dette Sentral-Europa som blir brukt som retorisk reiskap for EU-medlemskap, og som gjerne blir referert til i (utanriks)politisk samanheng – av og til minus Slovakia (Kjølberg 1996: 259; Østergård 1998: 99; Neumann 2000: 212). Dette er også Havel's forståing av Sentral-Europa når han snakkar om felles tilbakevending til Europa for tsjekkarar, slovakar, ungararar og polakkar (Havel 1994: 58). I andre samanhengar er Austerrike rekna inn, medan Slovenia og Kroatia er meir perifere. Her skal det leggjast til at dersom ein trekkjer inn historia, har heller ikkje den sentraleuropeiske kjernen klare grenser: Kristian Gerner (1997: 48–49) inkluderer område som har vore under polsk(-litauisk) og ungarsk herredømme, og behandlar Transsylvania og Schlesien som grenseområde.

Kvar Sentral-Europa går, gjenstår å sjå. Kanskje vil Sentral-Europaomgrepet miste sin funksjon viss eller når målet om EU-medlemskap er nådd og "Sentral-Europa" blir oppslukt av Vesten, men det kan også vera at dette skaper nye behov for sentraleuropeisk samhald.

Noter

¹ Takk til Peter Bugge, Kristian Gerner, Miroslav Hroch, Pål Kolstø og Iver B. Neumann for gode tips og kommentarar.

² Eit søk på tittelorda "Central Europe" og "Eastern Europe" i BIBSYS gir to svært slående resultat. Det eine er at den faglege interessa for Sentral- og/eller Aust-Europa har eksplodert etter 1989. Av totalt 533 treff på "Central Europe" og 1051 treff på "Eastern Europe", var hhv. 72,6 og 62,7 prosent av bøkene utgjevne i perioden 1989-2000. Overlappen her (både Central og Eastern Europe) var på 237 treff, av desse 88,6 prosent frå nemnde periode. Det andre slående resultatet er at den relative fordelinga mellom berre Eastern Europe (fråtrekt overlappen) og alle variantar av Central Europe (East Central, Eastern & Central, berre Central) har endra seg i favør av Central Europe. I perioden 1968-1988 utgjorde treffa på berre Eastern Europe 74,3 prosent av totalen; i perioden 1989-2000 hadde prosenten gått ned til 53,7. Det har vorte vanlegare å skilje mellom Sentral-Europa og Aust-Europa, men i BIBSYS har ikkje "reine" Sentral-Europa-bøker auka sin prosentdel.

³ Den sentraleuropeiske identiteten er korkje den einaste eller den sterkaste identiteten folk har. Tal frå *Central and East European Eurobarometer* nr. 7, 1997 (gjengitt i Kucia 1997: 181) syner at både tsjekkarar og polakkar rangerer den nasjonale identiteten sin høgast i identitetshierarkiet, medan den sentraleuropeiske identiteten kjem etter både fødestad og region, og for polakkane også etter europeisk identitet i rang.

⁴ Utgangspunktet for denne rolla – dei mange tyske busetjingane, som daterte seg tilbake middelalderen – er nå meir eller mindre borte, etter at mange flykta og fleire vart fordrive etter 2. verdskrigen.

⁵ Bugge (1999) gir ei fin oversikt over den historiske forståinga av Sentral-Europa innanfor dei to tradisjonane.

⁶ Eg har ingen illusjonar om at dette vil vera representativt for "folkemeininga" i det aktuelle området. For det første er det all grunn til å tru at forsøket på å formulere kva Sentral-Europa deler var og er eit elitefenomen. For det andre har eg ikkje hatt høve til å gjera systematiske litteraturstudiar, og det ville i alle tilfelle ikkje vera mogleg for meg å lesa bidrag på alle aktuelle språk. Det materialet eg har brukt kan dermed ikkje brukast til å trekke konklusjonar om kva *folk flest* oppfatta som Sentraleuropeisk fellesgods, men det gir eit nokolunde representativt bilde av kva deltakarane i debatten på 1980-talet (hovudsakleg intellektuelle og dissidentar) meinte var viktig. Det empiriske grunnlaget for framstillinga av dagens debatt er meir anekdotisk.

⁷ Tanken om Russland som ein annan sivilisasjon er ikkje ny i den tsjekkosllovakiske konteksten. Milan Hodža skreiv alt i 1931: "Om det ikkje fanst politiske og økonomiske grunnar for Sentral-Europa, ville denne eine grunnen halde: Russland er gjennom sin sivilisasjon og system faktisk ein ny verdsdel. Austen startar der Russland startar" (Hodža 1997: 20).

⁸ Søk i artikkeldatabasen til det tsjekkiske nasjonalbiblioteket i mai 2000 gav t.d. som resultat 10 treff på Aust-Sentral-Europa, 1531 treff på Sentral-Europa, 208 treff på Sentral- og Aust-Europa og 644 på Aust-Europa. Overlappen er altså på 208 treff. Sjå <http://www.nkp.cz/>.

⁹ Central European Free Trade Area (CEFTA) var opphavleg ein avtale inngått mellom Tsjekkoslovakia (etter 1993: Tsjekkia og Slovakia), Polen og Ungarn, men omfattar i dag også Slovenia, Bulgaria og Romania. Central European Initiative (CEI) omfattar 16 land, av desse to medlemar av EU.

Referansar

- Ash, Timothy Garton (1989): Does Central Europe exist?, i Schöpflin, George & Wood, Nancy: *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Ash, Timothy Garton (1990): Mitteleuropa? i *Dædalus*, Winter 1990: 1–22.
- Bakke, Elisabeth (1995): Mot ein europeisk identitet? i *Tidsskrift for samfunnsforskning* (36) 4/1995: 467–93.
- Bugge, Peter (1995): Essay 2: Europe 1914–1945: The nation supreme, i Kevin Wilson & Jan van der Dussen: *The history of the idea of Europe*. Milton Keynes & New York: Open University Press & Routledge.
- Bugge, Peter (1999): The Use of the Middle: Mitteleuropa vs. Střední Evropa, i *European Review of History* (6), 1/1999: 15-35.
- Coudenhove-Kalergi, Richard (1993 [1923]): *Pan-Evropa*. Praha: Panevropa Praha s.r.o.
- Davies, Norman (1986): *Heart of Europe: a short history of Poland*. Oxford: Oxford University Press.
- Delanty, Gerard (1995): *Inventing Europe. Idea, identity, reality*. Basingstoke: Macmillan.
- den Boer, Pim (1995): Essay 1: Europe to 1914: The making of an idea, i Kevin Wilson & Jan van der Dussen: *The history of the idea of Europe*. Milton Keynes & New York: Open University Press & Routledge.
- Gerner, Kristian (1997): *Centraleuropas historia*. Stockholm: Natur och kultur.
- Gerner, Kristian (1999): A Moveable Place with a Moveable Past, i *Australian Journal of Politics and History*, (45) 1/1999: 3–19.
- Hadler, Frank (1998): *Geschichte und Kultur Ostmitteleuropas in vergleichender Absicht*. Leipzig: Leipziger Universitätsverlag.
- Havel, Václav (1994): *Toward a civil society. Selected speeches and writings 1990–1994*. Praha: Nakladatelství Lidové noviny.
- Hodža, Milan (1997): *Federácia v strednej Európe*. Bratislava: Kalligram.
- Hroch, Miroslav (2000): Central Europe – the rise and fall of a historical region, i Christopher Lord (red): *Central Europe: Core or periphery?* København: Copenhagen Business School Press.

- Huntington, Samuel R. (1998): *The clash of civilizations and the remaking of world order*. London: Touchstone books.
- Johnson, Lonnie R. (1996): *Central Europe. Enemies, neighbors, friends*. New York & Oxford: Oxford University Press.
- Kiss, Csaba G. (1989): Central European writers about Central Europe: Introduction to a non-existent book of readings, i Schöpflin, George & Wood, Nancy (1989): *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Kjølberg, Anders (1996): Vesten og Sentral-Europa: Er forsiktighet en dyd? i Kate Hansen Bundt (red.): *Sentral-Europa. Fortid, Nåtid og Fremtid*. Oslo: Europa-programmet.
- Konrád, György (1991): *Drømmen om Mellom-Europa*. Oslo: Cappelen.
- Krag, Erik (1990): *Kampen mot Vesten i russisk åndsliv*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kundera, Milan (1984): The tragedy of Central Europe, i *New York Review of Books*, 26.4.1984.
- Kurcia, Marek (1997): Public opinion i Central Europe on European integration. The cases of the Czech republic and Poland, i Gorzelak, Grzegorz & Jalowiecki, Bohdan (red.): *The identity of Central Europe*. Warszawa: Euroreg & Friedrich Ebert Stiftung.
- Lavigne, Marie (2000): The backyard of Western Europe? i Christopher Lord (red): *Central Europe: Core or periphery?* København: Copenhagen Business School Press.
- Le Rider, Jacques (1994): *Mitteleuropa. Auf den Spuren eines Begriffes*. Wien: Deuticke.
- Lemberg, Hans (1998): 1938 – 1948 – die Katastrophe Mitteleuropas und die Nachkriegszeit, i *Das künftige Mitteleuropa. Traditionen und Perspektiven* (1998). Praha: Karolinum.
- Lord, Christopher (red) (2000): *Central Europe: Core or periphery?* København: Copenhagen Business School Press.
- Matvejevic, Predrag (1989): Central Europe seen from the east of Europe, i Schöpflin, George & Wood, Nancy: *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Milosz, Czeslaw (1989): Central European attitudes, i Schöpflin, George & Wood, Nancy: *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Neumann, Iver B. (1999): *Uses of the other "the East" in European identity formation*. Manchester: Manchester University Press.
- Neumann, Iver B. (2000): Forgetting the Central Europe of the 1980s, i Christopher Lord (red): *Central Europe: Core or periphery?* København: Copenhagen Business School Press.
- Rupnik, Jacques (1990): Central Europe or Mitteleuropa? i *Dædalus*, Winter 1990: 249–278.
- Schwarz, Egon (1989): Central Europe – what it is and what it is not, i Schöpflin, George & Wood, Nancy: *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Schöpflin, George & Wood, Nancy (1989): *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Schöpflin, George (1989): Central Europe: Definitions old and new, i Schöpflin, George & Wood, Nancy: *In search of Central Europe*. Totowa: Barnes & Noble books.
- Todorova, Maria (2000): Isn't Central Europe dead? i Christopher Lord (red): *Central Europe: Core or periphery?* København: Copenhagen Business School Press.
- Wolff, Larry (1994): *Inventing Eastern Europe*. Stanford: Stanford University Press.
- Wæver, Ole (1995): Essay 3: Europe since 1945: crisis to renewal, i Kevin Wilson & Jan van der Dussen: *The history of the idea of Europe*. Milton Keynes & New York: Open University Press & Routledge.
- Zarycki, Tomasz (1997): Attitudes towards the West and East as the main element of the Central European identity, i Gorzelak, Grzegorz & Jalowiecki, Bohdan (red.): *The identity of Central Europe*. Warszawa: Euroreg & Friedrich Ebert Stiftung.